

Dovre kyrkjelege råd har fylgjande høyringsuttale til NOU 2014:2 Lik og likskap

Generelt:

- Dovre kyrkjelege råd støtter utvalgets seks prinsipper for gravferdslovgjevinga
- Vi støtter forslaget om å endre feste-begrepet til leige av grav fordi det er eit tydeleg og enkelt ordvalg. Det vil være enda bedre om det kunne vore sams begrep av ansvarleg og leigar av grav.
- Vi meiner det er riktig at fylkesmannen overtek bispedømmerådets rolle i gravferdsforvaltninga.
- Autorisasjon/tilsyn av gravferdsbyrå bør innførast. Dei etterlatne vil i liten grad ha ynskje om eller kunne klage utføring av teneste eller prissetting.
- Likestilling av kremasjon og kistegravlegging og bortfall av avgifter kan føre til at kremasjonsandelen aukar. Det er da viktig med gode rutiner og kapasitet på krematoria slik at tida mellom seremoni og gravlegging/urnenedsetting blir så kort som mogleg av omsyn til dei etterlatte og deira sorgprosess.
- Rett til å velge gravplass, kan også føre til større andel som velg gravplass i andre kommunen enn bopel, med dei utfordringar det gje m.h.t. økonomi og ressursbruk.
- NOU-en tek til orde for ei todeling av fellesrådet rekneskap; kyrkjeleg verksemd og gravplassforvaltninga. Vi er samd i todelinga, og vil peike på at dagens forskrift om økonomiforvaltning forutset at "kyrkjegard" er eige funksjon.

Økonomi/finansiering vedr. kremasjon og båretransport til kremasjon:

Fjerning av kremasjonsavgift og dekking av transport til krematorium, vil truleg føre til at fleire velger kremasjon, ikkje minst i dei distrikta som nå har låg kremasjonsandel. Dette er ofte kommuner som har lang avstand til krematorium og høge utgifter til båretransport.

Forslaget innebær auka utgifter for gravplassforvaltninga (fellesrådene) og at utgiftane blir belasta annleis enn før. Vi meiner at forslaget er unødvendig komplisert og byråkratisk med overføring mellom mange ledd. Auka rammeoverføring til kommunene sikrer ikkje at gravplassforvaltninga får dekkja sine meir-utgifter, og heller ikkje at refusjonane kjem til den gravplassforvaltningen som får utgiftene. Utgiftene vil også variere frå år til år.

Slik vi forstår utvalgets forslaget; 24 fellesråd/krematorie-eigarar skal sende faktura til alle landets gravplassforvaltningar (fellesråd), som skal få utgiftene dekkja via auka overføring fra kommunene som får auka rammeoverføring fra staten. Gravferdsbyråene skal fakturerer gravplassforvaltningar (fellesrådene) for båretransport til krematorium. Refusjon for transport frå sjukehus til heimstad og lang avstand mellom heim og gravplass fortsetter som nå, til ein einheit i NAV.

Dovre kyrkjelege råd har eit alternativt forslag:

Staten overfører eit årleg tilskudd direkte til krematoriemeigar til dekning av drift, utbygging og vedlikehald. Gravferdsbyråene sender faktura for all båretransport som det offentlege skal dekke direkte til NAV. NAV sørger for nødvendig oversikt og rapportering. Staten dekker NAV sine utgifter over statsbudsjettet.

Vi meiner vårt forslag sikrar betre at den instansen som faktisk har utgiftane også får refusjonen/inntektene. Ordninga er enklare med færre ledd, mindre byråkratisk, mindre arbeidskrevjande for alle instansar og den vil gje god oversikt over totale kostnader, fordeling og utvikling av kremasjon m.m.

Kommentarer til andre foreslåtte lovendringer:

§ 6 Rett til grav:

I utgangspunktet meiner vi det er greit at avlidne/etterlatte får velge kva kommune ein ynskjer gravlegging. Vi har godkjent slike ynskje ut fra at vi ser at det handlar om tilknytning til staden, dei etterlatte har betalt gebyr for tenesta, fordelt på evt. seremoni og gravlegging. Forslaget om refusjonsordning mellom gravplassforvaltningene er positivt. For folk er det offentlege ein instans.

Vi vil likevel problematisere forslaget, fordi det er store variasjoner frå år til år, og det vanskeleggjer budsjetteringa m.t.p utgifter/inntekter til/fra andre fellesråd samt ressursplanlegging. Med dei foreslåtte satsene og statistikk for gravlegging dei siste 12 åra, ville refusjonsinntekter for gravlegging av utanbygdsbuande ha variert med over 100.000 kr fra år til år. Av eit budsjett på ca 4 millionar kroner, er dette mykje.

I perioda 2002-2013 har Dovre hatt 425 avlidne.

31 er gravlagt andre stader: 1/3 i nabobygda og resterande 2/3 fordelt på heimstad/oppveksstad. Antall gravlagt andre stader av avlidne varierer frå 3 til 18 % pr. år. 3 av dei 31 hadde kyrkjeleg seremoni i Dovre.

54 utanbygdsbuande gravlagt i Dovre; 32 kistegravlegginger og 22 urner. Dei 54 utgjør 5-22 % av alle gravlegginger pr. år. 28 hadde også kyrkjelege seremoni her. Av 448 gravlegginger er det 420 kistegravlegginger og 28 urner (herav 22 utanbygds).

Vi vil også trekke fram ei problemstilling knytta til utanbygdsbuande og dekking av kremasjonsutgifter. NOU-en seier at seremoni er privat anliggende og forslaget er at gravplassforvaltninga i den kommunen avlidne har bopel skal sørge for båretransport til krematorium. Vårt spørsmål er: frå kvar? Dersom avlidne busatt i t.d. Oslo ynskjer å ha kyrkjelege seremoni og urnenedsetting i Dovre. Korleis skal utgifter til båretransport ordnast/fordelast? Dovre har ikkje ansvar for å dekke båretransport. Og det er heller ikkje rimeleg at bustadkommune skal dekke slik transport som blir lenger, men heller dekke kremasjon i Oslo.

Dersom forslaget går gjennom, kan det føre til at fleire velger gravlegging i anna kommune enn der dei har bopel. Det kan tenkast at nivå på gravleige blir utslagsgjevande, i det den varierer frå nærast ingenting til opp mot 400 kr/grav/år, og slike valg er neppe ynskjeleg.

§ 14 Leie av grav

"Grav er fri for gravleie i 20 år etter hver gravlegging". Dovre har praktisert dette nokre år, og både kyrkjelege råd, etterlatte og politikere finn ordninga rettferdig. Korleis er det tenkt når det er betalt leige fram i tid ved gravlegging (reservert grav eller festa/leigd grav)? Dovre refunderer ikkje festeavgift som er betalt, men setter neste forfall 20 år etter gravlegging.

Kravet om skriftlig avtaledokument innebær meir arbeid og utgifter i og med at det må gjerast etter at avgifta er betalt og leigeavtale forlengje og da kvart 5. år.

§ 16 Overføring av leieavtale

Til andre ledd: Det er få, om nokon, som veit at dødsboet skal gje melding, derfor er det greit å få lovregulert overføring av gravfeste til kontaktperson ved gravferd. Men vi vil hevde at det er naturleg at næraste etterkommere etter dei gravlagte får fortrinnsrett til å fortsette leigeavtale framfor t.d. svigerdotter som "overtek" avtala

etter avliden ektefelle. Det bør være tilstrekkeleg at andre etterlatte krev spørsmålet vurdert. Krav om skriftlegheit kan opplevast konfliktskapande for familien og problemastisk for mange.

§ 20a Spredning av aske

Vi meiner at godkjenning av askespredning fortsatt bør handsamast av Fylkesmannen for å få einsarta reglar og forutsetninger. Vi ser ikkje poenget med å opne for askespredning på gravplassen. Det er bra at lova presiserar at urne skal oppbevarast i krematorium eller hjå gravplassforvaltninga.

§ 21a Avgifter

"Gravleien skal være den samme for alle leide graver i kommunen."

Dette betyr at det er økonomisk fordelaktig å velge kremasjon. Ei kistegrav har plass til ei kiste og er 4,5 m². Ei urnegrav er halvparten og har plass til 4 urner. Ein gravstad er ofte to kistegraver, etter 20 år blir det leige for to graver. I urnegrav kan urner settast ned over fleire tiår, og etter § 14 blir grava fri for gravleie i 20 år etter kvar gravlegging. I praksis kan det bety at familier ikkje betaler gravleie for urnegrav, men for kistegrav.

§ 21b Salg av gravstell

Første setning *"Gravplassforvaltningen kan ikke ta imot innbetaling til fond eller liknende avsatt til gravstell eller liknende formål"* blir oppfatta motstridende med andre avsnitt og er med på å skape forvirring, og er egentleg overflødig. Vi er enige i at begrep som gravfond eller gravlegat ikkje skal nyttast.

Ut fra vår erfaring meiner vi at denne §-en fråvik utvalget prinsipp om *brukerperspektivet*. Svært ofte ynskjer gravleigar å betale for ei lengre periode enn det lova opnar for. Mange setter av større beløp i samband med testamenterte eller buoppgjer, og ynskjer også at avsatte midler kan brukast til å dekke gravleie og naudsynte tiltak på gravminne. Det skal sjølsagt fortsatt vere ansvarleg eller festar for grava. Dersom lovendinga blir vedtatt, kva skal gjerast med med eksisterande avtaler?

§ 23a Krigsgraver

I samband med høyring av sist revidering av gravferdslova, kommenterte vi også dette punktet. Vi meiner at graver for norske soldater og falne under krig bør komme med i samme fredning. Slik det er nå blir mange graver etter norske soldater nekta fornya etter 60 år, medan grav til utanlandske soldater er freda til evig tid.

§ 23b Gravplassutvalg

Ideen er bra, men fellesrådet har ansvar for dette i dag også. Vi meiner det er naturleg at kommunen og fellesrådet blir behandla likt og at kommunen også har eit gravplassutvalg med samme ansvar og oppgåver (synfaring og tilsyn) når kommunen er gravplassforvalter. Kontrollutvalget har mange andre oppgåver.

Forskrift § 40 Oppgjør mellom gravplassforvaltningene ved utenbygds gravlegging
Positivt at utvalget har forslått satser for refusjon, men det bør med eit punkt om indeksregulering.